



Fjell kommune

Versjon 15.03.06 - KS

sms:2 flere lovligvegger til graffiti

Vil ha samme pris som ungdoms-kort selv om vi er yngre.  
Synes det er helt sløvt at eg må betale mer i mnd enn min store bror

**3. At noen tar med ungdomen på aktiviteter. Ute og inne.  
Men mest ute, får det er får mye inneaktiviteter**

Jeg trenger et sidsenter på fritiden.

Sms 2 vi må få mer å gjøre i friminuttene, enn bare å gå rundt å sulle!

Hvis dere vil ha oss vekk fra dårlie miljøer.  
Så må dere faen få fart på ungdomshus!

**3 jeg vil at helsestasjonen skal være lengre åpent,  
og være åpent flere dager i uken!  
Veldig viktig!**

Desperat ungdom søker rocke klubb!

Sms 3 få en skatepark nereten av ågotnes

UNGDOMSPLAN

06-07

# SAMANDRAG

Denne planen er for ungdom mellom 13 og 19 år - busett i Fjell kommune. Planen skildrar 6 hovudutfordringar etter innspel frå ungdommen i Fjell. Desse utfordringane er følgjande:

## 1. Styrkje ungdomsrådet

- Fastsetje ungdomsrådets rolle
- Eigen nettstad for ungdomsrådet

## 2. Styrkje fritidstilboda

- Ungdomssenter med eige styre
- Utvida opningstider i ungdomsklubbane
- Vurdera utbetring av Kårtveitklubben
- Aktivitetsmesse
- Eigen stønadsordning for ungdom.

## 3. Fleire skuleaktivitetar

- Miljøarbeidar/ aktivtør for ungdom
- Nok stolar/ bord i skulekantinene
- Skoleympiade for ungdom

## 4. Bete kollektivtilbod

- Drøfte med HSD og fylket om fleire avgangar
- Redusere aldersgrensa på ungdomskortet
- Kommunal subsidiering av ungdomskortet for 13- og 14 åringane

## 5. Helse- og rådgjevingstenester

- Utvida opningstid – helsestasjon for ungdom
- Utvida opningstid – skulehelsetenesta
- Utvida opningstid – Basecamp

## 6. Meir kunnskap om ungdom

- Gjennomføre minst ei undersøking i planperioden

# INNHALD



## 1. KVIFOR EIN UNGDOMSPPLAN...?

Deltaking i lokaldemokratiske prosessar	s.6
Medverknad – Påverknad – Innverknad	s.7
Grunnlag for tillit	s.9
Synleggjering av ungdom sine behov	s.10
Tydelegleg ungdomspolitik	s.12

## 2. KVA MEINER UNGDOM...?

Ungdomsrådet sentralt	s.15
Kva meiner Ungdomsrådet	s.18
SMS aksjonen – resultat	s.20

## 3. KORLEIS FÅ DETTE TIL...?

Utfordringar og moglege tiltakskjeder	s.30
---------------------------------------	------

## Tabell 1; Talet på innbyggjarar i aldersgruppene 13 - 19 år, 01.01.2005

2005	13 år	14 år	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år
Gutar	185	161	152	136	160	129	111
Jenter	183	167	201	153	137	127	121
Sum=2123	368	328	353	289	297	256	232

Kjelde; Statistisk sentralbyrå

Deltaking i lokaldemokratiske prosessar

Medverknad – Påverknad – Innverknad

Grunnlag for tillit

# **1** KVIFOR EIN UNGDOMSPLAN...?

Synleggjering av kva behov dei unge har

Tydeleg ungdomspolitik

# Deltaking i lokaldemokratiske prosessar

I Fjell kommune bur det 2123 unge i alderen 13 – 19 år, noko som utgjer nær 11 % av det samla folketalet. Ungdom har tradisjonelt hatt få møtestader i den kommunale forvaltninga. Særleg gjeld dette i politiske avgjerdsprosessar som omfattar overordna planarbeid og prioriteringar i den daglege drifta. Å koma i betre dialog med ungdomane er difor eit mål i seg sjølv

I Fjell er det brei politisk semje om å etablere ei tettare og meir direkte kopling mellom dei unge og kommunen. Ungdom må få høve til å delta i politiske og administrative prioriteringar. Erfaringar syner at ungdom kjem med verdifulle innspel dersom dei har tilrettelagde rammer for dette.

Etableringa av ungdomsrådet våren 2005, er eit tiltak for å styrkje den formelle medverknaden til ungdommen i utviklinga av Fjellsamfunnet.


# **Medverknad – Påverknad - Innverknad**

Ungdomsplanen skal sikre ungdom medverknad, innverknad og påverknad i lokalpolitiske spørsmål. Saman med ungdomsrådet vert planen den formelle arenaen til ungdommen i Fjell i høve overordna kommunale planprosessar.

Planen kjem i tillegg til andre kommunale fagplanar som også har tenester til ungdom som ein del av grunnlaget. Ungdomsplanen skal ikkje gå desse i ”næringa”, men utfylla og supplera planverket på område som ikkje vert fanga opp av dei andre fagplanane.

Ungdomsplanen er ein nyoppretta arena der dei unge kan presentera og synleggjera behov og ønskje direkte til den politiske leiinga gjennom ein kommunedelplan.

**Figur 1; Kjønnfordeling i aldersgruppene 13 - 19 år, 2005**



Kjelde; Statistisk sentralbyrå

# Ungdomsplanen – verktøy for tillit

Ungdom uttrykkjer stor skepsis til kommunal saksbehandling. Det er ein klår samanheng mellom kor sterkt dei unge engasjerer seg og graden av framtidig handling. Tillit mellom kommune og ungdom vert skapt gjennom handling. Lukkast kommunen med oppfølginga og iverksetjinga av ungdomstiltaka, vert grunnlaget samstundes lagt for vidare tillit og deltaking. Såleis vert denne ”førsteutgåva” av ungdomsplanen den første byggjesteinen for å betra forholdet mellom kommunal forvaltning og ungdomane i Fjell. Ungdomane er positive til at ”dei” skal få ein eigen plan som skildrar og prioriterer behova deira.

Tilrettelagde rammer for dialog og medverknad kan på sikt kan auke deltakinga og engasjementet til dei unge i Fjell, både i politiske prosessar og i lokalt utviklingsarbeid.

# Synleggjera behova til ungdomane

Planen definerer ungdomstida frå og med 13 år til og med 19 år, eit aldersspenn på 7 år - ein livsfase for denne innbyggjargruppa. Ungdom er likevel ikkje ei homogen og einsretta gruppe, men har ulike behov som krev differensierte tenester og tilbod. Dette vert særleg omtala i dei andre fag- og delplanane med ungdom som målgruppe.

I planarbeidet har dialogen og prosessane med fjellungdomen dreia seg om spørsmål knytt til ungdom seg imellom, forholdet til skulen og situasjonen på fritida. Dette samsvarar tematisk med tidlegare undersøkingar (1996 og 2000) knytt til ungdom i skule og fritid (Høgskulen i Bergen).

Undersøkinga i 2000 konkluderte med slike særlege område for innsats ;

**Kommunenivå :**

- For mange ungdomar utan tilbod i samsvar med kva interesser dei har.
- Særs mange har urealiserte, positive interesser, og kunne ha blitt fanga opp i tilrettelagde, positive miljø.
- Mykje tilfeldig farting og dermed grunnlag for utvikling av negative "kulturar".

**Skulenivå :**

- Røyking og alkoholbruk bør takast på alvor – noko over snittet
- Kanskje er mobbing meir utbreidd enn det som er synleg.

**Heim :**

- Oppfølging og kontroll i form av helgehenting er sterkt redusert i høve til aldersgruppa i undersøkinga frå 1996.

# Tydeleg ungdomspolitik


Dei fleste lineavdelingane har ungdom som ei sentral målgruppe.

Tenestene til ungdom vert produsert av fleire avdelingar og einingar i kommuneorganisasjonen. Det kan difor vere vanskeleg å finna ”profilen” i det samla tenestetilbodet til dei unge.

For Fjell kommune har ungdomspolitikken særleg dreidd seg om å byggja trygge oppvekstmiljø med fullverdige skule- og fritidstilbod. Førebygging og fokus på ungdom med særlege behov har kjenneteikna ungdomstilboda.

Ungdomsplanen kan medverka til å gjera den lokale ungdomspolitikken og profilen tydelegare. Denne planen har eit fokus på å etablere og formalisere arena som styrkjer ungdomsdeltaking i kommunale prosessar.

**Figur 3; Talet på innbyggjarar i aldersgruppene 13-15 år og 16-19 år, perioden 1995 – 2005**



Kjelde; Statistisk sentralbyrå

Utarbeiding av planen – Ungdomsrådet sentralt

Kva meiner ungdomsrådet

SMS aksjonen - resultat

# **2** KVA MEINER UNGDOMMEN...?

Fritidsaktivitetar

Skule- og friminuttsaktivitetar

Betre kollektivtilbod og trafikksikring

Andre

# Ungdomsrådet sentralt

Komite for plan- og utvikling (KPU) har vore styringsgruppe i arbeidet med ungdomsplanen. KPU oppretta eit eige politisk arbeidsutval som skulle syta for utarbeidinga av planen. Medlemmer i arbeidsutvalet :

- Lubna Jaffery Fjell (Ap), leiar
- Bjørnar Fjellhaug (KrF)
- Stein Lund (FrP)
- Jan Arthur Nilssen, leiar av Ungdomsrådet, har delteke fast i møta i arbeidsutvalet


Arbeidsgruppa har leia dialogen og prosessen med ungdomsrådet og ungdomane.


Ungdomsrådet har hatt fleire roller i planprosessen. Dei har teke val knytt til retning av planarbeidet, stått for marknadsføringa av SMS- og e-postaksjonen, innsamling av data og kome med egne framlegg til prioritering av tiltak. Alle tiltak i planen er anten initiert av, eller drøfta saman med ungdomsrådet.

Administrasjonen har lagt arbeidet til rette og vore sekretariat for arbeidsutvalet og ungdomsrådet.

Å sikra at planarbeidet engasjerer og involverer fjellungdomen, har vore det viktigaste føremålet med sjølve prosessen. Drøftingane og dialogen har skjedd i ungdomsrådet, på skulane, i ungdomsklubbane og på arena kor ungdom oppheld seg (til dømes på Straume bussterminal).

Figur 4; Døme frå annonsering av SMS-aksjonen i avisa Vestnytt



 Fjell kommune

## Svar på 1-2-3!

Ungdom mellom 13 og 19 kan no koma med innspel til Fjell kommune sin ungdomsplan.

Send SMS: 1. Kva kan gjerast for at du får det betre med **venene** dine?  
Send SMS: 2. Kva kan gjera at du får det betre på **skulen** og i **friminuttar**?  
Send SMS: 3. Kva kan gjera at du får det betre i samband med **fritidsaktivitetar**?

send SMS til **91 73 97 72** for alle spørsmål

Du kan og senda svaret på mail til [ungdomsplan@fjell.kommune.no](mailto:ungdomsplan@fjell.kommune.no) (merk med 1, 2 og 3)

**Vi trekk ut piz zagåvekort for 250 kr blant svaret!**  
Plan- og utbyggingsjefen

# **Kva meiner ungdomsrådet**

Etableringa av ungdomsrådet våren 2005, er eit tiltak som er meint å styrkje den formelle medverknaden til dei unge i utviklinga av Fjellsamfunnet.

Ungdomsrådet har særleg peika på behovet for eit tilgjengeleg ungdomshus som stimulerer til aktivitet, kreativitet og positive opplevingar. Ungdomshuset må verte eit senter i høve nye aktivitetsformer og såleis verte ein ”motor og fødestad” for utviklinga av nye aktivitetstilbod til ungdom.

Ungdomsrådet saknar meir tilgjengelege helse- og rådgjevingstenester, både gjennom skulehelsestenesta, helsestasjon for ungdom og Basecamp. Særleg er dette viktige tilbod til jentene. Mange kvir seg for å gå til helsesøster i skuletida. Truleg burde denne tenesta ha opningstid etter skuletida.

Ungdomsrådet ivrar for eit betre kollektivtilbod lokalt. Ungdom er ei mobil gruppe. Dei ynskjer at aldersgrensa og prisen vert redusert for Ungdomskortet (gjeld frå 16 år).

Ungdomsrådet saknar vedtekter som skildrar oppgåvene til rådet, roller og avgjerdsrett/fullmakt i det politiske og administrative systemet.

# SMS aksjonen - resultat

For å gjera terskelen for innspel låg, har ein nytta SMS og elektronisk post som hovudmetode i datainnsamlinga. Spørsmåla byggjer på undersøkinga til Høgskulen i Bergen frå år 2000. Spørsmåla vart stilt som illustrert i figur 4 (s.17). Seksti ungdomar har gitt nær 80 svar via SMS og elektronisk post innan fristen, 1. november 2005. Om lag 65 % av svara kom frå jenter.

Moglegheita til å kome med innspel blei annonsert i avisa VestNytt. Før SMS-aksjonen starta, fekk tiltaket positiv medieomtale i media opp til riksnivå (NRK-radio og TV2-nettavisen) for bruk av utradisjonelle metodar, I tillegg vart det produsert ”flyers” - med lik form og innhald - som blei delt ut ved alle ungdomsskulane og på Sotra vidaregåande skule. Berre ein skule ønskte ikkje at vi skulle gje ungdomane på skulen denne informasjonen<sup>1</sup>. Det vart også delt ut

---

<sup>1</sup> Danielsen ungdomsskule.

”flyers” til ungdom på busstasjonen på Straume, i ungdomsklubbane, på Sartor senter og på Basecamp.

Svarprosenten er likevel ikkje representativ, og ein kan undra seg kvifor det ikkje i større grad kom innspel med ønske om tiltak innafor dei store ungdomsaktivitetane som til dømes fotball, friidrett, musikkorps og liknande.

Dette kan ha minst tre forklaringar:

1. Dei ungdomane som **ikkje har svara** på undersøkinga, er rimeleg tilfredse med tilbodet dei har i dag.
2. Dei ungdomane **som har svara** på undersøkinga, ønskjer eit tilbod utover dei tenestene kommunen tilbyr.
3. Ungdomen ønskjer **eit breiare og meir variert** tilbod.

Med utgangspunkt i dei svara ungdomane har sendt, kan ønska delast inn i fire overordna kategoriar:

- 1. Fritidsaktivitetar (47,4%).**
- 2. Skule og friminuttsaktivitetar (25%).**
- 3. Betre kollektivtilbod og trafikksikring (22,4%).**
- 4. Andre (5,2%).**

# Fritidsaktivitetar

Dei fleste av ungdomane som svara på undersøkinga, ser ut til å ha store behov i høve til aktivitetstilbodet på fritida. Heile 47,4 % av svara omhandla slike ønske. Svært få av svara etterlyste tiltak innanfor dei store, organiserte aktivitetsområda, til dømes innan idrett og korpsmusikk. Dei fleste ungdomane ønskte seg aktivitetar som ligg noko på sida av dei kommunale tilboda.

Fleire av svara etterlyser eit eige ungdomshus i kommunen. I diskusjonen kring etableringa av et eige ungdomshus, er det viktig at dette vert fylt av alternative aktivitetar. Dette kan også vere greitt i høve til dei etablerte ungdomsklubbane i kommunen i dag. Eit ungdomshus kan verta ein arena der ein får høve til å delta i aktivitetar som anten er for store i klubbane, eller aktivitetar som ein ikkje har rammer for å gjennomføre der.

Fleire av svara omhandla ønske om betre tilhøve for dei ungdomane som er interessert i hestesport. Fleire ønskte betre tilhøve for dei eksisterande ungdomsklubbane, både i høve til plass og i høve til innhald. Fleire svar etterlyste betre tilbod innafor dans.

Dette kan tyda på at det ligg eit godt potensiale både for kommunale verksemder og organisasjonslivet i å utvikle nye og fleire ungdomsaktivitetar.

## **Døme på innspel i høve til fritidsaktivitetar:**

**"få ein skatepark i nærleiken av Ågotnes".**

**"fleire lovlige veggjar til graffiti".**

**"gokartbane på eide".**

**"desperat ungdom søkjar rocceklubb".**

**"tennisbane og eit tenniskurs".**

**"idebane på Skålevik".**

**"internettcafé, kanskje best å ha på Straume".**

**"betre dansetilbod innan moderne dans som hipp-hop og streetjazz for aldersstega 14-18, er så kipt å måtte reise til byn heile tida".**

**"meir natur og fjellklatring ville ha vært tingen".**

**"utvida opningstid på Basecamp".**

# Skule- og friminuttsaktivitetar

Når det gjeld spørsmålet om kva som kan gjerast for at ungdommen skal få det betre på skulen og i friminutta, har 25 % av svara omhandla dette temaet.

Dei fleste svara omhandla aktivitet og behov for aktivisering i friminutta. Berre eitt svar etterlyste fysiske tiltak som ny skule (Ågotnes). Fleire etterlyste mindre fysiske tiltak, særskilt gjeld dette kantina ved Sotra vidaregåande skule, der ungdommen synest det er for kaldt, for dyrt og manglar nok sitjeplassar og bord.

Aktivitetar tilrettelagt for ungdom og aktivisering av ungdommen i friminutta, ser ut til å vera ei utfordring for skulane. Ei mogleg løysing på ei slik utfordring kan vera å tilsetja ein miljøarbeidar med særskilt ansvar for å leggja til rette for aktivisering, og at ein i planlegginga av skulebygg også tenkjer på dei gruppene av elevane som er for gamle til å nytta vippestativ, disser og sklibanar. På sikt kan ein tenkja seg at dette er kompetanse knytt til eit ungdomshus.

**Døme på ønske i høve til aktivitet og aktivisering i skulefriminutta:**

**”noko å gjera på som til dømes ballbinge”**

”fleire aktivitetar i uteområdet på skulen”

**”for at det skal bli betre på skulen trur eg d  
burde ha vært meir uteliv og ikkje ein leikep  
menn nokre spillaktivitetar”.**

”tilgang til aktivitetar i friminutta”

**”for å få betre på skulen ville eg valt å dra på fleire tura**

”for å få det betre i friminutta burde det arrangerast leker og aktivitetar”.

# Betre kollektivtilbod og trafikksikring

På spørsmålet om kva som kan gjerast for at ungdommen skal få det betre i høve til vener og fritid, omhandlar 22,4 % av svara ønske om betre kollektivtilbod og trafikksikring.

Ønske om auka mobilitet er ikkje overraskande, når ein tenkjer på at moglegheita til å få venner, uavhengig av bustad, er mykje større i dag enn berre for 15 år sidan. Heile 97 % av norsk ungdom har i dag mobiltelefon og kan kommunisere med omgjevnadene på ein heilt annan måte enn før. At ein i Fjell og ønskjer å møta venner - ansikt til ansikt - er positivt. Billigare buss, betre rutetilbod, og ungdomskort for gruppa 13 - 15år går igjen som svar i denne kategorien.

Eit møte mellom kommunen, fylkeskommunen og HSD bør derfor gjennomførast for å sjå nærare på desse utfordringane.

## Døme på ønske i høve til mobilitet:

"Eg trenger gratis buss".

**"Fleire bussar frå Ågotnes til Sotra vest".**

**"Fleire bussar til Eide og Algrøy".**

**"Buss til Lokøy".**

**"At bussane frå Sotra vest matcher  
med bussane til Øygarden".**

# Andre

I kategorien ”andre”, har det kome inn svar som ikkje let seg plassera i dei andre gruppene. Her har vi og svar som er meir individuelle i forma enn det ein kan få inntrykk av når ein ser på dei andre svara. Denne gruppa utgjer 5,2 % av svara. Her er det ikkje nokon klar tendens i ei retning, men utfordringane dei reiser er ikkje mindre viktige av den grunn - til dømes ønske om betre tilgang til prevensjon for gutar, og at helsestasjonen for ungdom skal vera meir tilgjengeleg.

Kva er eit handlingsprogram med tiltak?

1. Utfordring – Ungdomsrådet

2. Utfordring – Styrkja fritidstilboda

3. Utfordring – Fleire skuleaktivitetar

# 3

## **KORLEIS – FRÅ ORD TIL HANDLING...?**

4. Utfordring – Betre kollektivtilbod

5. Utfordring – helse og rådgjevingstenestene

6. Utfordring – Meir kunnskap om ungdomen

## **Kva er eit handlingsprogram med tiltak?**

Undersøkinga og samtalen med ungdomsrådet og ungdomspolitikarane, legg grunnlaget for å etablere nokre utfordringar i høve til ungdomspolitikken. (Kva betyr dette?) Når ein har klarlagt utfordringane i høve ungdomane i Fjell, må desse plasserast i eit program som seier noko om korleis desse kan løysast. I Fjell kommune vert dette kalla eit ”handlingsprogram”.

I følgjande avsnitt er desse utfordringane skissert. Kommunen har og søkt å avklare når ein ser føre seg at løysingane på desse utfordringane kan omsetjast til handling, og kva som krevst for å omsetja desse. Dette kallar vi for tiltak eller tiltakskjeder. Tiltakskjeder er tiltak fordelt over fleire periodar, og er særskilt nytta i høve til prioriteringar knytt til store tiltak.

# 1 utfordring – Ungdomsrådet

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
<b>Fastsetje ungdomsrådet si rolle i Fjell kommune (vedtekter)</b>	Ungdomsrådet får formalisert status som part i saker, fullmakter, ansvar og eige budsjett.		Servicetorgsjefen, Politisk sekretariat
<b>Eigen nettstad for ungdomsrådet</b>	Utvikle eiga heimeside på nettet Vedlikehald : Ungdomsrådet.		Servicetorgsjefen, Infoavd & IKT, Ungdomsrådet

## 2 Utfordring – Styrkja fritidstilboda

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
<b>Ungdomssenter med eige styre.</b>	Etablere eit ungdomssenter. Sjø på ulike løysingar.		Eigedomssjefen, Plan- og utbyggingssjefen, Servicetorgsjefen
<b>Utvida opningstider i ungdomsklubbane</b>	Løyvd 50 000	Auka budsjettrammer	Servicetorgsjefen
<b>Utbetring av Kårtveitklubben</b>	Utarbeida kostnadsoverslag		Eigedomssjefen
<b>Aktivitetmesse – synleggjering av lokale ungdomstilbod</b>	Gjennomføra årlege aktivitetssesser		Servicetorgsjefen v/ Ungdomsklubbane, Ungdomsrådet
<b>Etablering av stønadsordning. Disponert av Ungdomsrådet</b>		Etablere stønadsordning forvalta av Ungdomsrådet.	Servicetorgsjefen

### 3 Utfordring – Fleire skuleaktivitetar

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
<b>Tilsetje aktivitørar /miljøarbeidar</b>		Tilsetja miljøarbeidarar som gjennomfører arrangement i friminutta og i fritida. Gjerne med base frå Ungdomssenteret	Servicetorgsjefen
<b>Sal av mat i skulekantina</b>	Starte prosjekt med mat og frukt. (avsett:500.000)		Skulesjefen
<b>Nok stolar / bord i kantina</b>	Ny ungdomsskule i nord og vest må ta høgde for dette	Samtale med fylket om same tiltak for Sotra vidaregåande	Ungdomsrådet
<b>Skolympiaden</b>		Arrangera ein årlig og fredeleg kappestrid mellom ungdomsskulane	Skulesjefen, Ungdomsrådet

## 4 Utfordring – Betre kollektivtilbod

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
<b>Møte med HSD og fylkeskommunen for å drøfte avgangar, og/eller moglegheita for eigen servicebuss for ungdom</b>	X		Plan- og utbyggingssjefen
<b>Redusera aldersgrensa på ungdomskortet</b>	X		Plan- og utbyggingssjefen
<b>Kommunal subsidiering av ungdomskortet for aldersgruppa 13 og 14 år</b>	X		Plan- og utbyggingssjefen

## 5 Utfordring – helse og rådgjevingstenestene

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
<b>Utvida opningstid for helsestasjon for ungdom</b>		Auka ressursar for å utvida opningstida med 2 dagar ekstra – etter skuletid, og tilgjenge i sommarferien	Helsesjefen
<b>Utvida opningstid av skulehelsetenesta</b>		Auka ressursar for å utvida opningstida med 1 dag pr. veke.	Helsesjefen
<b>Utvida opningstid av Basecamp</b>		Vurdere om aktørane som finansierer Basecamp kan styrkja økonomien i høve til opningstida	Servicetorgsjefen, Fjell sokneråd

## 6 Utfordring – Meir kunnskap om ungdomen

TILTAK	2006	2007	ANSVAR
Gjennomføra minst eit FoU prosjekt i planperioden		Undersøkja tilhøva for ungdom på grunnkrinsnivå	Plan- og utbyggingssjefen